



## Møteprotokoll

---

|                  |                   |
|------------------|-------------------|
| <b>Utval</b>     | Arbeidsmiljøutval |
| <b>Møtestad</b>  | Rådhuset          |
| <b>Dato</b>      | 26.03.2026        |
| <b>Tidspunkt</b> | kl 13:30 - 15:30  |

---

### Frammøtte

|                    |                    |
|--------------------|--------------------|
| Grete Ulviksbakken | Arbeidstakarrepr.  |
| John Olaf Røhme    | Arbeidsgjevarrepr. |
| Jon Bolstad        | Arbeidsgjevarrepr. |
| Ruth Karin Kvam    | Arbeidsgjevarrepr. |
| Svein Bjarne Steig | Arbeidstakarrepr.  |

### Forfall

Svein Tore Heltne

### Varamedlem

Arbeidstakarrepr. John Inge Fredheim Arbeidstakarrepr.

### Møtenotat

Andre som møtte: Kristine Løvlie frå Avonova deltok digitalt.  
Akan-kontakt Jonny Gjerde møtte og orienterte i sak 3/26.

### Underskrifter:

Grete Ulviksbakken

John Inge Fredheim

John Olaf Røhme

## Saksliste

| Saknr | Sakstittel                                                 |
|-------|------------------------------------------------------------|
| 01/26 | Konstituering av møte                                      |
| 02/26 | Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte               |
| 03/26 | Rutinar for AKAN-samarbeid                                 |
| 04/26 | Sjukefråvær                                                |
| 05/26 | Orientering frå Avonova med presentasjon av samarbeidsplan |
| 06/26 | Orienteringar, drøftingar og open post                     |

### 01/26 Konstituering av møte

Arbeidsmiljøutval 26.03.2026

#### Handsaming

- Opprop, *forfall Svein Tore Heltne, vara John Inge Fredheim*
- Godkjenning av innkalling, *ingen merknad.*
- Godkjenning av sakliste, *ingen merknad.*
- Godkjenning av dagsorden/gjennomføring av møte, *ingen merknad.*
- John Inge Fredheim og John Olaf Røhme vart føreslegne til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte. *Dei vart samrøystes valde.*

#### AMU - 01/26 vedtak

John Inge Fredheim og John Olaf Røhme vert valde til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte.

### 02/26 Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte

Arbeidsmiljøutval 26.03.2026

#### Handsaming

Tillegg til sak om julegåve: Julegåva vart tildelt ungdomsklubbane i Hafslo og Gaupne

#### AMU - 02/26 vedtak

Protokoll frå sist møte, den 3.12.25 vert referert med tilleggsopplysningar: Julegåva vart tildelt ungdomsklubbane i Hafslo og Gaupne

## 03/26 Rutinar for AKAN-samabeid

Arbeidsmiljøutval 26.03.2026

### Handsaming

Akan-kontakt Jonny Gjerde møtte og orienterte i saka.

Litt diskusjon i utvalet om ordlyd/tekst i retningslinjene. Ønske om at ein omformulerer enkelte punkt, og har med litt meir info om Akan i dokumentet  
Viktig med forankring.

Framlegg i møtet om at retningslinjene vert sendt på høyring til KD, før dei kjem attende til AMU for endeleg godkjenning. Framlegget vart samrøystes vedteke.

### AMU - 03/26 vedtak

Akan-retningslinjene vert sendt på høyring til KD, før dei kjem attende til AMU for endeleg godkjenning.

## 04/26 Sjukefråvær

Arbeidsmiljøutval 26.03.2026

### Handsaming

- Samla fråvær auka i 2025 samanlikna med tidlegare år, særskilt langtidsfråvær
- Kommuneoverlegen var med på førre AMU-møte. Ikkje noko særskilt som peikar seg ut ved sjukmeldingane, ingen klare tendensar som gir grunnlag for konkrete tiltak
- Kjente årsaker; overvekt av langvarige helseplager. Ikkje meldt inn mykje arbeidsrelatert fråvær
- I små einingar med få tilsette vil enkeltfråvær gi store utslag på statistikken
- Oppvekst har størst prosentvis auke i fråvær i 2025. Fleire einingar har tett samarbeid med NAV og følgjer IA-programmet
- Det vart stilt spørsmål ved fråvær for juli, som er veldig høgt. Her ligg fleire innmelde faktorar til grunn. Mellom anna at innrapporterte tal er korrigert til KS-standard i 2025, og utval og innstillingar skil seg frå tidlegare år. I juli er det få moglege dagsverk grunna ferieavvikling, og fråvær denne perioden vil difor gi større fråværsprosent enn elles. Det er også registrert fråvær og ferie i same periode på fleire tilsette, som også vil gi utslag i høgare fråværsprosent. AMU ønsker at det vert undersøkt nærare kva som ligg til grunn for fråværsstatistikken i juli, og om eventuelle feilregistreringar kan korrigerast
- AMU ønsker at leiarar har sjukefråværsoppfølging som tema i aktuelle fora, og vil følgje opp utviklinga, også om det eventuelt er enkelte område/einingar som skil seg ut
- Vurdere eit meir felles fokus for alle einingar. Beste praksis; sjå til dei som har lågt fråvær, kva tiltak gjer dei

**AMU - 04/26 vedtak**

AMU tek orienteringa til vitande, og følgjer opp saka på seinare møte.

**05/26 Orientering frå Avonova med presentasjon av samarbeidsplan**

**Arbeidsmiljøutval 26.03.2026**

**Handsaming**

Kristine Løvlie frå Avonova informerte i møtet. Presentasjonen ligg vedlagt.

**AMU - 05/26 vedtak**

AMU tek orienteringa til vitande.

**06/26 Orienteringar, drøftingar og open post**

**Arbeidsmiljøutval 26.03.2026**

**Handsaming****Orientering:**

- Julegåve 2025 vart tildelt ungdomsklubbane i Gaupne og på Hafslo
- Ny kontaktperson Avonova frå mai grunna fødselspermisjon

**Open post:**

- Vaksinerings for tilsette. Tilbakemelding frå tilsette Jostedal oppvekstsenter om at dei ikkje får nytta tilbodet om vaksinerings, grunna at tidspunkt for vaksinerings er i arbeidstid, og dei kan ikkje forlate arbeidsplassen. Vurdere å endre/forskyve tidspunkt for vaksinerings, eventuelt anna løysing lokalt. Tek dette med som innspel til planlegging av neste års vaksinerings

**AMU - 06/26 vedtak**

Administrasjonen følg opp innspel i møtet.